Haugesunds Avis

Avslører konserttriksa

Kva musikarane speler på konsertar er veldig lite tilfeldig. Øyvind Staveland og Vamp legg mykje arbeid i å gi ei best mogeleg oppleving.

Tekst: Arild Færaas

– Me set oss alltid ned ein halvtime før konserten og går gjennom førre konsert for å sjå kva som fungerte, seier frontmann Øyvind Staveland i Vamp.

Bandet har reist i så å seia kvar del av Noreg og har lang erfaring med konsertar. Og etter kvart som åra har gått, har dei lært meir og meir.

– Du merkjer litt tilfeldig kva songar som passar saman, og så ser du på korleis publikum reagerer. Det hjelper med rutine, men ein må og passa på at ein ikkje blir for rutinert. Ein må også ta omsyn til dei som høyrer på konserten, og ikkje berre spela det ein sjølv vil.

Tempo, tone og tekst

Staveland fortel at det er mange moment å tenka på for å få eit godt sett til å sitja.

– Me vil få fram kontrastar. Det skal ikkje berre vera rolig, men me vil underhalda også.

Han tek fram at det i tillegg til musikalske kontrastar som moll versus dur, kjappe låtar mot balladar og forskjellige rytmar, er det tekstmessige også viktig å tenka på før dei set opp ei settliste.

– Det skal ikkje berre vera kjærleiksvise på kjærleiksvise.

"Lindehålsma'en" og "Sitte å tenke" er til dømes to rake motsetningar i tekst, puls, tempo og tonartar og som me alltid spele etter kvarandre, held Staveland fram.

Dei to låtane er også etter kvarandre på plata "13 humler".

– Me har eit ønske om at folk etter konsertane våre både skal vera i godt humør og ha noko til ettertanke.

Fekk kjeft

Ein gong var Vamp så lei "Tir n'a noir" at dei valde å ikkje spela han på ein konsert. Men det gjer dei aldri igjen.

– Eg trur det var på Hamar eller der omkring. Me har aldri fått så mykje kjeft etter ein konsert som då. Me må vita korfor me er her som me er, og ikkje vera altfor egoistiske. Det blir å håna publikum å ikkje spela dei songane publikum kjenner orkesteret gjennom.

– Kva synest du om "Tir n'a noir"?

– Eg må jo synest han er bra, eg har laga han sjølv. Det er litt uverkeleg, når eg ofte ser han i songbøker, høyrer songen på radioen og av gatemusikantar.

I tillegg til det som blir kalla Rogalands nasjonalsong speler dei også alltid "Ingeborg" og "Månemannen".

– Folk har betalt pengar og då skal du sørga for ei fantastisk oppleving. Du skal ikkje snu ryggen til, ikkje bruka tid å stemma instrumenta og ikkje prata konserten i hel.

Alltid ekstranummer

Så å seia alltid speler Vamp ekstranummer. Som dei fleste band.

– Det er variabelt, frå turne til turne. No avslutta me alltid med den rolige visa "Høytflyvning", og då er det slutt. Me set på ein teip som gjer at folk forstår det er slutt etterpå. Men tidlegare har det hendt at me tek imot oppfordringar frå publikum og speler den viss me synest det passar.

Staveland fortel at det er forskjellig om dei følgjer settlista.

– Me improviserer litt av og til. Og kva settliste me set opp kjem an på kva for ei stemning me er i. Men me har som mål at det skal bli meir og meir interessant å høyra på oss utover konserten. I starten føler bandet og publikum litt på kvarandre, så me passar på å ikkje svi oss av i starten, og byggje konserten sakte, men sikkert opp.

Han legg også vekt på at dei har slutta med å spela dei mest kjende til slutt, og at "Tir n'a noir" til dømes ofte har kome tidleg i settet.

– Me veit at folk kjem for å høyra oss, ikkje berre for å høyra den.

Publisert: 29.07 07:00, Sist endret: 29.07 07:52

UTEKONSERT: Vamp spelte på Espevær i juni og har halde fram turneen igjennom sommaren. (Arkivfoto: Harald Nordbakken)